



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 4

6863 LEIKANGER

Vår ref.
13/1522-3/K2-N02//ABJ

Dykkar ref.

Dato:
16.09.2013

PLANLEGGING AV RUTETILBODET FRÅ 1. MAI 2014

Syner til brev 19.08.2013. Eid kommune har følgjande innspel til endringar i rutetilbodet:

Strekninga Skei-Sandane-Nordfjordeid-Volda via Stigedalen er det klart kortaste reisealternativet nord-sør både for gjennomgangstrafikk og trafikk på delstrekningar. Rutene over Stigedalen er også dei klart raskaste for reisande frå Ytre Nordfjord som skal til Volda/Ørsta-området.

Dei siste åra har det gjennomgåande rutetilbodet på strekninga Skei-Sandane-Nordfjordeid-Volda via Stigedalen blitt stadig meir ”fragmentert”. Gjennomgåande ruter er erstatta av ”lokalstubbar”, slik at det for dei reisande er blitt meir tungvint å reise på strekninga og skaffe seg oversikt over kva ruter som går. Det er også sett inn mindre bilar på deler av strekninga, utan at det ein gong er rutiner for å setje inn større køyretøy når det er behov for dette.

I tillegg til dette er det gjort omleggingar av rutetilbodet slik at rutene frå Nordfjordeid til Volda heng dårlegare i hop med vidare korrespondanse nordover (timeekspres fra Volda), og det er fjerna ein kveldsavgang frå Volda til Nordfjordeid.

Denne utviklinga skjer trass i at ein frå det offentlege si side ikkje har bygd ned rutekjøpet på strekninga. Ein har tvert imot frå fylkeskommunen si side forsikra at rutetilbodet over Stigedalen skal stå fast.

Eid kommune vil be om at Sogn og Fjordane fylkeskommune sørger for at ein på nytt får eit konsistent og samanhengande rutetilbod på strekninga Skei-Sandane-Nordfjordeid-Volda over Stigedalen, med gjennomgåande materiell og tydeleg merking av alle rutetilbod i rutetabellar på papir og nett. Konkret vil vi spesielt trekke fram følgande:

- Det må setjast klare krav til materiell (buss) på strekninga Volda-Nordfjordeid, med tydelege krav til rutiner for å setje inn ekstramateriell.

- Ein må også krevje gjennomgåande bruk av køyretøy på heile strekningar framfor byte av køyretøy med varierende standard. Det må i størst mulig grad bli slutt på bussbyte på Eid for ruter til/frå Sandane og til/frå Volda – her må det vere gjennomgåande standard og materiell
- Rutene Nordfjordeid-Volda må korrespondere med timeekspres vidare nordover frå Volda. Det bør også vurderast å legge opp samanhengande ruteopplegg Måløy-Nordfjordeid-Volda over Stigedalen innanfor dagens omfang av rutekjøp
- Det må i rutetabellar på papir og nett tydeleg gå fram kva som er det samla rutetilbodet mellom Ålesund/Skei og Bergen via Nordfjordeid og Stigedalen (ref f eks tabell 23-524 på side 45, som store deler av siste året ikkje har vore publisert elektronisk
- Kveldsavgangen frå Volda til Eid er fjerna utan at dette har vore politisk handsama, og i strid med det som har vore sagt knytt til opninga av Kvivsvegen om at dette ikkje skulle svekke rutetilbodet over Stigedalen. Kveldsavgangen Volda-Nordfjordeid må gjenopprettast

Vi vil også be Sogn og Fjordane fylkeskommune sjå på tilpassingar i ruteopplegget mellom Sandane og Nordfjordeid som gjer at reisande frå Bergen kan kome seg til Nordfjordeid seinare enn avgang frå Bergen kl 1220. Bussane frå Bergen med avgang kl 1420 og 1620 stoppar begge på Sandane, utan høve til å kome seg vidare til Nordfjordeid. Dette burde vere ei overkomeleg sak å få på plass med tilpassingar mellom dei lokale rutene og ekspresbusstilbodet.

Med helsing

Alfred Bjørlo
Ordfører
57885897